# Meland kommune

COWI
Tordenskjolds gate 9
4612 KRISTIANSAND S

| | | |
|---|---|---|
| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| Dykkar: | Tore Johan Erstad | 25.11.2015 |
| Vår: 15/2943 - 15/21017 | tore.johan.erstad@meland.kommune.no | |

## Godkjenning - GBNR 23/328 - Løyve til fasadeendring og bygging av nødstraumsaggregat

**Administrativt vedtak. Saknr: 422/2015**

| | |
|---|---|
| **Tiltakshavar:** | Meland kommune |
| **Ansvarleg søkjar:** | COWI AS |
| **Søknadstype:** | Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1 |

**SAKSUTGREIING:**

Saka gjeld:

Meland kommune, ved ansvarleg søkjar Cowi AS, har ved søknad journalført 11.11.2015 søkt om løyve til fasadeendring og etablering av nødstraumsaggregat for Meland sjukeheim. Tiltaket inneber ikkje endringar i høve til eksisterande situasjon for veg-, vatn- og avlaup.

Tiltaket er skildra gjennom situasjonskart og teikningar vedlagt søknaden. Ansvarleg søkjar har i nabovarsel opplyst følgjande om tiltaket:

> «Det skal bygges nytt nødstrømsaggregat ved Meland sjukeheim. I den forbindelse vil det medføre en endring av fasaden ved at man fører en helisolert rustfri stålpipe langs den sør-vestre fasaden. Pipen males i samme farge som fasaden for øvrig».

Administrasjonen viser til søknaden med vedlegg i sin heilskap.

**VURDERING:**

Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla 10.9.15 i samsvar med pbl § 21-3. Kommunen vurderer gjennomført varsling som tilstrekkeleg, jf pbl § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader til nabovarselet.

Lov- og plangrunnlag:

Eigedomen 23/328 er gjennom Reguleringsplan for Nordgarden – Frekhaug (planid 125619961113) regulert til område for offentlege bygg . Tiltaket er i samsvar med formålet i plan og krev ikkje dispensasjon.

Plassering, avstand frå nabogrense, utforming og utsjånad:

Tiltaket skal oppførast og plasserast i samsvar med vedlagt situasjonskart og plan- og fasadeteikningar journalført 11.11.2015. Kommunen vurderer at tiltaket med dette stettar krava i pbl §§ 29-1 – 29-4.

Ansvarsrettar:

| | |
|---|---|
| Cowi AS<br>Org.nr 979 164 857<br>Sentral godkjenning | SØK, (tkl 1)<br>PRO, prosjektering av nødstraumsaggregat med tilpassing av bygg (tkl 1) |
| Nordhordland Grunn og Betong AS<br>Org.nr 990 193 975<br>Sentral godkjenning | UTF, grunn- og betongarbeider (tkl 1) |
| Lindås Rør og Sanitær AS<br>Org.nr 915 147 920<br>Sentral godkjenning | UTF, varme, ventilasjon, sanitær) (tkl 1) |
| Langenes Bygg AS<br>Org.nr 979 523 747<br>Sentral godkjenning | UFT, bygningsmessige arbeid (tkl 1) |

Ansvarleg søkar skal samordne dei ansvarleg prosjekterande, utførande og kontrollerande, og sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf pbl § 23-4, andre ledd.

**VEDTAK:**

«Meland kommune gir i medhald av pbl § 20-1, løyve til fasadeendring / etablering av nødstraumsaggregat på Meland sjukeheim, gbnr 23/328 i samsvar med søknad journalført 11.11.2015. Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Plassering og utføring av tiltaket skal vere som vist på situasjonsplan og plan- og fasadeteikningar journalført motteke 11.11.2015. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så framt det ikkje er gjeve unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell det bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf pbl § 21-9.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova. Matrikkelen er det offisiell registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.»

*****

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Anny Bastesen<br>sektorsjef teknisk | Tore Johan Erstad<br>konsulent byggjesak |

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
A03_Fasader
A02_Plan U
situasjonskart

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| COWI | Tordenskjolds gate 9 | 4612 | KRISTIANSAND S |
| Ronny Landaas | | | |